

Mottakarar i følgje liste

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK

ARKIVKODE: 2011/2172 - 432.2

DATO: 24.08.2012

## ÅLFOTBREEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - PROTOKOLL ETTER STYREMØTE 2/12 (TELEFONMØTE)

**Fredag 24.08.12 kl 09.30**

Deltakarar på telefonmøte: Ola Tarjei Kroken, Bengt Solheim-Olsen

Gjeve tilbakemelding per e-post: Anita Nybø, Nina Grotle

Referent: Alf Erik Røyrvik, verneområdeforvaltar

---

### **Saker:**

**9/12 Søknad om landingsløyve for helikopter i samband med hjortejakt – Leidulv Solvang.**

---

**9/12 Søknad om landingsløyve for helikopter i samband med hjortejakt – Leidulv Solvang.**

### **Søknaden**

Leidulv Solvang søker om å få lande med helikopter i samband med hjortejakt i Grøndalen og omkringliggende område. Det vert søkt om landingsløyve på tre ulike stader som er merka av på kart. Landingsløyvet vert berre brukt dersom det vert skote so mange dyr at det vert vanskeleg for jaktlaget å bere kjøtet heimatt.

### **Forskrift og regelverk**

Motorisert ferdslø er i utgangspunktet forbode til lands og i vatn i landskapsvernomsrådet. Forbode gjeld og landing med luftfartøy. Men forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon frå dette forbode i enkelte tilfelle, mellom anna i samband med storviltjakt jf. verneforskrifta §3 pkt 5.3.b):

Verneforskrifta § 3:

5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:

[...]

b) storviltjakt

Styret har derfor heimelsgrunnlag for å gje ein slik dispensasjon som det er søkt om.

Søkjaren må sjølv sørge for å ha på plass naudsynte løyver i frå dei regelverka som vert handsama av kommune og andre. Til dømes løyve frå kommunen i tråd med lova om motorferdsel i utmark.

### Vurdering

Dette er eit tiltak som er i tråd med dei føringar som er gjevne i forskrifta for verneområdet, og i utkastet til forvaltningsplan for landskapsvernområdet.

Ein del av jaktområda er utilgjengelege som vert nytta i hjortejakta er ganske utilgjengelege. Dersom det då vert felt mange dyr på same dagen vert det derfor særskild krevjande å få frakta ut kjøtet ved hjelp av bering. Særleg tidleg i jakta kan det vere varmt i veret og det vil då vere viktig å få frakta kjøtet raskt heim for å ta vare på kvaliteten på kjøtet. I eit slikt terreng er helikopter einaste aktuelle måte å transportere store mengder hjorteslakt.

Hjortejakta har lange tradisjonar, og forvaltninga legg vekt på å legge til rette for at den bruken skal kunne halde fram. Både for å nytte området til jaktutøving, men og til å kunne ta ut den fornybare ressursen som viltkjøt er. Det er og viktig å legge til rette for å ta vare på den gode kvaliteten som viltkjøt har om det vert handsama riktig.

Dette er eit årleg behov som dukkar opp, og søkjaren har fått landingsløyve i samband med hjortejakta kvart år etter at området vart verna. Det vil derfor vere aktuelt å gje eit fleirårig løyve, slik at ein slepp å handsame søknaden kvart år.

### Vurdering av tiltaket opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova:

Forvaltninga er ikkje kjend med at tiltaket vil ha noko negativ påverknad eller føre til skade på naturmiljøet i området. Området har ikkje villrein, og tidsrommet som er aktuelt er ikkje ei sårbar tid for rovfugl. Helikopter har vore nytta tidlegare i dette og omkringliggjande område, utan at forvaltning eller oppsyn har registrert negativ påverknad. Kunnskapsgrunnlaget bygger på tilgjengeleg viten og erfaring og vert vurdert til å vere tilfredsstillande. Førre-var-prinsippet kjem derfor ikkje til bruk her.

Dette er den første dispensasjonen til motorferdsel som vert handsama for landskapsvernområdet i 2012. Aktiviteten er altså låg, og lågare enn den har vore tidlegare. Den samla belastninga må derfor seiast å vere særskild låg og godt innanfor det akseptable. Det er ikkje venta at tiltaket kan føre til miljøforringing, og forvaltninga vurderer det slik at den mest skånsame metoden som er praktisk gjennomførbar vert nytta.

**Forvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Leidulv Solvang får løyve til å lande med helikopter på tre ulike stader som er merka av på kart, i samband med uttransport av hjortekjøtt under jakta.

**Vilkår for løyvet:**

- Løyvet gjeld for fire år, perioden 2012 til og med jakta 2015.
- Landinga skal berre skje innanfor jakttida for hjort, som er 1.9 – 23.12.
- Motorferdsla innanfor landskapsvernområdet skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Statens naturoppsyn skal varslast (på telefon eller sms) før landing i verneområdet finn stad.
- Etter gjennomført flyging skal denne rapporterast til verneområdeforvaltaren.
- Det skal takast omsyn til vilt, naturmiljø og turfolk.

**Vedtak:**

Styret fatta vedtak i samsvar med framlegg til vedtak.

Signering av protokoll:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Adresseliste:

Ola Tarjei Kroken

Nina Klara Grotle

Bengt Solheim-Olsen

Anita Nybø

Kopi til:

Gunvor Sunde

Bente Halvorsen

Karl Vidar Førde

Bjørn Hollevik

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Direktoratet for naturforvaltning

Gloppen kommune

Flora kommune

Bremanger kommune

SNO Sandane v/Rune Holen